

Dokument	Vedlegg 1C-3
Tittel	Påkravsgaranti periode 2
Kontraktsreferanse	SKYSS/26/53
Sider	3

GARANTIERKLÆRING
PÅKRAVSGARANTI PERIODE 2

GARANTISTEN stiller seg ved underteikning av dette dokumentet som påkravsgarantist for dei kontraktpliktane som OPERATØREN/HOVED**DEBITOR** har overfor OPPDRAGSGJEVAR/ BENEFISIANTEN i samsvar med Kontrakt:

Skyss/26/53 – Kontrakt om drift av Sunnhordlandsruta

Signert dato: ...../.....

Namn: [*sett inn namn / referanse*]

GARANTISTEN	Namn:
Organisasjonsnummer:	
OPERATØREN/ HOVED**DEBITOR**	Namn:
Organisasjonsnummer:	

BENEFISIANTEN/ OPPDRAGSGJEVAR	
Organisasjonsnummer:	

Garantien gjeld for HOVED**DEBITOR** sine kontraktplikter til ein kvar tid med tillegg av renter, forseinkingsrenter og inndrivingskostnader ved misleghald.

Garantiperioden er administrativt inndelt i to for å redusere HOVED**DEBITOR** sine kostnadar knytt til å oppretthalde garantien gjennom eksterne garantist- eller reassurandørordningar. Inndelinga avgrensar ikkje GARANTISTEN sitt ansvar overfor BENEFISIANTEN.

Garantistens maksimale samla ansvar overfor BENEFISIANTEN i Garantiperiode 2 er oppad avgrensa til NOK 33 000 000 (33 MNOK). Utbetalingar under Garantiperiode 1 skal gå til frådrag i det maksimale garantibeløpet for Garantiperiode 2 og reduserer garantibeløpet på 33 MNOK.

Garantiperiode 2 gjeld frå 02.12.2037 og gjeld til 6 månader etter utløpet av ordinær kontraktsperiode (01.12.2045). Krav som oppstår under Garantiperiode 2, må fremjast seinast 6 månader etter utløpet av Garantiperiode 2. Deretter vert garantien terminert automatisk.

GARANTISTEN pliktar ved påkrav frå BENEFISIANTEN utan føregåande fullmakt, samtykke eller instruksjon frå HOVED**DEBITOR,** å utbetale det beløp som er oppgitt i påkravet til den konto som er spesifisert i påkravet frå BENEFISIANTEN. Betaling skal skje innan 10 dagar etter påkrav ble mottatt.

Det er ingen grense for kor mange krav som kan setjast fram under garantien.

Påkrav skal setjast fram skriftleg eller elektronisk, oppgi beløp og det forhold som BENEFISIANTEN meiner utgjer aktuelt misleghald, utan øvrige krav.

Garantien er en påkravsgaranti. Dette inneber at GARANTISTEN ikkje kan motrekne eller halde tilbake betaling på grunnlag av motkrav og/eller innvendingar som HOVED**DEBITOR** og/eller GARANTISTEN meiner å ha mot BENEFISIANTEN. GARANTISTEN kan ikkje krevje at BENEFISIANTEN skal ha prøvd å drive inn kravet hos HOVED**DEBITOR** eller hos andre – under dette ein annan garantist eller under annan sikkerheit – før påkrav vert sett fram ovanfor GARANTISTEN.

GARANTISTEN sitt ansvar består fullt ut inntil alle pliktene HOVED**DEBITOR** har ovanfor BENEFISIANTEN er innfridd.

GARANTISTEN seier frå seg ein kvar rett til å bli informert om eventuelle endringar i Kontrakten. Endringar i Kontrakten redusera ikkje GARANTISTEN sitt ansvar under denne garantien.

Garantien kan ikkje transporterast utan GARANTISTEN sitt skriftlege samtykke, med unntak av overdraging til eit anna offentleg selskap eller offentleg organ som tek i vare og vidareførar BENEFISIANTEN sine rettigheiter og pliktar etter Kontrakten.

Garantien er underlagt norsk rett, med Hordaland tingrett som verneting.

.....

Stad og dato

.....

Signatur og evt. stempel

.....

Namn med blokkbokstavar